



Fristen for å søkja om fellingsløyve for rådyr vart forlenga til 15. juni og det er søkt om felling av 53 dyr, opplyser skogbrukssjef Terje Natland til uskedalen.no

Det er hjortevaldane som har søkt og tildelinga skjer i møte neste onsdag. Søknadane kjem frå hjortevald på heile strekninga frå Enes til Utåker. På andre sida av fjorden er det tydelegvis ikkje så mykje rådyr.

I Uskedalen er det søkt om fellingsløyve på begge sider av den nedre del av dalen.

Som eit apopos til rådyrjakta som det no er opna for i Kvinnherad vart eit rådyr køyrt ihel i helga like ved sandtaket mellom Ljosnes og Dimmelsvik. Det blir presisert at det ikkje er ettersøkjingslaget men dei berørte grunneigarane som skal ta seg av drepne eller skada rådyr.

Det er ellers delte meiningar om storleiken på bestanden på dei ymse stadane i kommunen, men jakta i seg sjølv vil truleg visa kor berettiga ho egentleg er.

Det er imidlertid registrert rådyr over det meste av kommunen og i dei seinare åra har eit aukande tal mista livet i trafikken, 6 dyr berre dei 2 siste åra. Det er ein seksdel av det totale talet på trafikkdrepte dyr.

Det har kome klagemål over beiteskadar i blomebed og hagar og det er anretta stor skade på fleire kyrkjegardar, men ikkje i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Geir Remme, HusnesNytt